



# Ringheim

**Garden RINGHEIM ved Lundarvatnet er mellom dei største på Voss. Han er delt i åtte bruk og fire gardsnummer: Store-Ringheim, Indre Ringheim, Nedre Ringheim og Vetle Ringheim. Garden Lund som Lundarvatnet er oppkalla etter, må ha vore ein del av Ringheim, og gardane Gjerde og Trødo (Trå) må i tidleg tid ha vorte utskilde frå Ringheim. Sjølv namnet Ringheim ber bod om høg alder.**

Vetle Ringheim teikna av A. Tidemand i 1843.



På Indre Ringheim står eit loft frå mellomalderen, frå for 1349. Dette loftet har vakre pryddører, og sjølv laftinga er meisterleg gjort. Saman med Finnesloftet og Lydvaloftet står Ringheimsloftet som minnesmerke over vestnorsk byggjekunst i høg mellomalderen. Tunet på Vetle Ringheim, som A. Tidemand har teikna, står enno i dag i same stand, med stove, eldhus og bu og løe og flor framfor. Det vakre ladet av stein bind saman husrekka til ein heilskap. Det er stor skilnad i alderen til dei ein-skilde husa på Vetle Ringheim. Eldst er truleg eldhuset, som kan vera frå tidleg 1600-tal. □

Gardane Indre og Vetle Ringheim i 1870. Rekonstruksjonsteikning ved Arne Berg 1953.

## SPELEMENN FRÅ REKVE

På garden REKVE på Bulken finn vi tre kjende spelemenn i same ætta. Med den første, OLA KRISTOFFERSON (f. 1733) er vi i den eldste delen av folkemusikksoga vår. Sonen hans, NILS (f. 1777) vart meisterspelemann, og noko seinare, i 1796, kjem OLAV LARSSON til som den siste i rekkja av Rekvespelemenn. Av desse var det Nils som sette merkesteinar i tradisjonen. Enno i dag lever namnet hans sterkt mellom spelemenn. I si beste tid var han eit monster i skapande slåttespel, og han vart ein omtykt læremeister for spelemenn på Vestlandet. I Hardanger vert det sagt at mest alle som tok til som spelemenn der på den tid, var saman med Nils Rekve. Den fremste av spelemennene i Nordhordland, MAGNE KLEIVLAND (f. 1804) rekna òg «Rekven» som læremeisteren sin. Vi veit at dei var hjå Rekve etter spel, både Knut Lurås og Myllarguten frå Telemark, og frå dei går linja til namnet «Nils Rekves halling».

## MAGNUS DAGESTAD

Ein av dei merkelegaste og mest gåverike bygdehandverkarane på Voss var MAGNUS DAGESTAD (1865–1957). Han var utdanna på LARS KINSARVIK (①391) sin treskjerarskule i Hardanger og arbeidde fleire år som treskjerar i Hardanger og i Bergen, før han i 1902 flytta til Voss i lag med kona, rosemålararen HELENA DAGESTAD.

Opphavleg skar han i gammal romansk stil, men utvikla etter kvart sin eigen variant av drakestilen. Det som vart laga på verkstaden på Voss frå 1902, vart dekorert av Helena, og møblar og andre gjenstandar vart selde over heile landet. Seinare freista han å blanda inn andre



stilartar tufta på norsk tradisjon. Frå 1905 til 1912 drev han Kunstindustrimuseets treskjerarskule på Voss, og frå 1920 til 1935 var han styrar på Norsk Kunsthandverkskule på Voss. Her utdanna dei kunsthandverkarar frå heile landet.

Magnus Dagestad var også spelemann og skribent, og han teikna hus og møblar. Han var ein sentral person i kulturlivet i bygda fram til sin død. DAGESTAD-MUSEET ligg på Gjernes like ovanfor kunsthandverkskulen, om lag to kilometer frå Vossevangen. Her får vi eit nær-bilete av kunstnaren.

Magnus Dagestad i eitt av dei siste leveåra.

